

Mattall 2-1-81
 Martin Sæterby
 Leira på N. 29/12-1980

Institutt for Norsk Okkupasjonshistorie,
 Oslo.

113541

Mi søynsle frå møtet med samfundet "etterpå".

Eg viser til brev frå I N O av 10 des. d.å., der alle blir bedne om å skrive ned det dei måtte vite, og sende dette til I N O. Underkrivne si melding i denne sammenheng, vil sikkert fortone seg som den reine solskinshistorie, i forhold til dei fleste NS-medlemmene sine opplevingar i samband med innpassinga i samfundet etter krigen. Men da - som kjend - litt sol kan friske opp i ein grå kvardag, vil eg tru at mine opplevingar også kan vera til litt nytte! Skal da først prøve å presentera meg sjølv, slik situasjonen var da krigen velta inn over oss våren 1940. - - - -

I tillegg til mitt yrke som gardbrukar, var eg formann og forretningsfører i forsyningsnemnda, medlem i kommunestyre og formannskap, formann i samvirketelaget og formann i Tustna arbeidarparti. Etter kapitulasjonen i juni 1940, mislika og sterkt, at kongen, regjeringa og andre toppolitikarar, rømte til England og gav seg Vestraktene i vold, etter at desse hadde gjort sitt beste for å få oss ned i krigen. Eg slutta meg derfor fullt og heilt til den gruppa av Ap.-folk under leiing av Håkon Meyer og Halvard Olsen, som prøvde å koma til ei ordning med okkupasjonsmakta med omsyn til ein sivil administrasjon av landet. Eg hadde ikkje da tanker om å slutte meg til NS, da eg heller ikkje lika den måten Quisling opptredte på 9 april og andre sider ved NS. Men av ein bestemt grunn, som eg ikkje skal koma nærare inn på, vart det likevel til at eg meldte meg inn hausten 1941, og vart av lagføraren utnemnt til propagandaleiar. Den første lokale reaksjonen på dette, var at eg vart kasta som formann i samvirketelaget, men hadde elles, i mitt arbeide i forsyningsnemnda, ikkje problem med omgangen med tyske offiserar, så langt dei var. - - - -

12 des. 1945, vart eg arrestert, ilag med andre av same slaget, og internert i ein leir i Kristiansund. Der vart vi så fotografert, og alle delar av oss og måtte avgi fingeravtrykk, med sikte på at vi no skulle inn i "forbrytarregistret". Det var hardt hjør i leiren dei første ågane, med vasking og reingjering av tyskerbrakkar, m.v. Ein gjeng der underkrivne var med, fekk i oppdrag å pløye opp sårfor for å sette potetar i. Folk utlevert ein plog, men måtte dra han sjølve, og to vaktar med kvart sitt maskingevær, sørga for at vi ikkje slappa av for mykje under dette arbeidet. Da vi hadde gjort frå oss ployinga, var det først å dra fjørhorva til stykket var finskuldra og sidan dra arden og lage furer i høvels avstand til potetsettinga. Sjølv om vi var fleire til å dra, var dette likevel hardt kost, da det ikkje var snakk om å kvile, for "dette er ikkje noko hvilchjen", vart det sagt! Dei fleste av vaktene var likevel skikkelege folk, men enkelte skulle liksom sette skrekke i oss. Nåleis var det ein som skaut med skarpt mellom beina på oss, avdi rekkjene ikkje var beinge nokk, under morgonappellen ein dag. Men etter kvart dabba det av med den harde justisen og forholdet mellom vaktar og fangar vart tolleg bra.

Eg var dirrertert 15 des. 1945 og var da sjølv sagt spennt på korleis eg ville bli røtteten beinge, etter at avisane hadde hengt meg ut som "Tustnas Coebbells" og ANS nedsettande merknader. Men når det tilstf, at trase i dette vart eg gledeleg overraska! Da eg etter eg kor lein, vart eg norleg spurt av den lokale AUF-formannen om å hjelpe til med eit underhaldningsprogram dei skulle ha på ei fest i romjula!

Eg hadde allveg hatt interesse for amatørteater, og sa ja, sjølv om eg var klar over at det kanskje var ei utfordring til mange å vise seg oppe på scena! Men det gjekk godt, ikkje eit pip var å høyre frå salen, medan det stod på! Ein månads tid etterpå var det årsmøte i samvirkelaget, og kva hende der? - Jau, eg vart einstemmig valt til ordstyrar og møteleiar under konstitueringa av møtet. Dermed hadde laget gjeve meg full oppreisning for at dei kasta meg som formann i 1942.

Våren 1948 kom saka ni for heradsretten. Sjølv om det i premisse- ne for dommen gjekk fram at eg i "mitt arbeide som forretningsfø- rar i forsyningsnemnda hadde tatt vare på norske interesser" vart eg dømt til 18 mndr. straffarbeide. Avisane i Kristiansund såo dommen stort opp og Romsdalsposten hadde denne overskrifta over tre spaltar: "Fanatisk propagandaledar fra Tustna tror fremdeles på Tyskland" Grunnlaget for dette var, at når eg vart spurt om eg trudde Tyskland ville få rykje å seia i Europa heretter, svara at eg trudde heint fram at Europa heretter ikkje hadde sjanse til å eksistere utan Tyskland. Tidens Krav sette som overskrift: Marti Sæterøys stjerne er sløjet", og beklaga at eg hadde stelt meg slik! I 1950 fekk eg mitt første kommunale oppdrag: Eg vart valt til å ta meg av folketellinga i den krinsen der eg budde, sjølv om eg enno ikkje hadde fått att dei statsborgarlege rettane! Men da dette var i orden i 1953, var det også slutt på "karantene- tiden" Først vart eg tilsatt som planleggar for jordstyret, når de galt jorddyrking og greifting og så vart eg også tilsatt for å ta meg av planlegging av vassforsyningsanlegg, som det no vart til- skot å få til. Eg råka redaktoren av Tidens KRAV på gata i Kristi- ansund ein dag og da han fekk høyre at eg dreiv med dette, måtte eg vera ned opp i øvissa, slik at han fekk eit intervju med meg om ordninga med dette tilskotet til vassforsyningsanlegg på landsbyg- ga, - og så kan folk med det same få sjå at du atter er med i samfundet, sa han! Og dette fekk dei snart også sjå meir om.

Hausten 1953 vart eg tilsatt i ei nyoppretta kommunal stilling som formannskaps- og likningssekretar og tok til i denne stillin- ga 1. februar 1954. Det trofte seg også slik, at akkurat denne da- gen, slo vi på det elektriske lyset frå Aura heime hos oss, og eg kunne derfor med god rett seie til kona mi: No går vi faktisk mot lysare tider, kjerring! Men ikkje så lengje etter at eg starta i den nye jobben min, fekk eg likevel litt av sjokk! - Jau, da! eg var valt av kommunestyret til formann i den nemnda som skulle forebu feiringa av 17 mai! ! ! Om det vart kviskra om Nasjonal holoering otton ryggen på meg i denne samanningen, veit eg ikkje noko om, men likevel - - - Da kommunevalet i 1955 nærma seg, vart det spørsmål om medlemskap i dei politiske partia. Ikkje berre frå dette gamle parti Ap., men også frå to av nylompartia! Eg meir te det basta ikkje med dette, da eg likevel ikkje var aktuell som eventuell kandidat, p.gr. av jobben som formannskapssekretar, men eg gjekk da seinare likevel innatt i Ap., sjølv om eg aldri for- velt verken var suspendert eller ekskludert derifrå. Når det gjeld den stillinga eg hadde i kommunen, så eg kanskje nerne, at eg ei tid etter at tilsettinga var godkjend i fylket, fekk gratulasjons- helsing frå fylkesmann Olsvik, der han m.a. sa: "Det var mykje bra folk som var med i H S under krigen! Frå 1956 vart, som kjend likningsvesenet overteke av Staten, og eg gjekk da automatisk over til likningssjef, som eg seinare har vore til eg nådde aldersgren- sa i 1972. Frå same året vart eg innvalt i jordstyret, men sa ifrå meg vervet i 1959, da eg etter kommunevalet da, fekk anna å gjera i tillegg til likningssjefvervet og folkeregistret, som automatisk var lagt under vervet som likningssjef etter at staten tok over.

Ved kommunevalet i 1959 vart eg nemleg innvalt i kommunestyret på Arbeidarpartiet si liste, kom inn i formannskapet og vart også valt til ordførar. Ordføraren var den gongen også sjølvskrive-representant til fylkestinget. Si tid etterpå råka eg ein kjend advokat på gata i Kristiansund. Han gratulerte med ordførar jobben og føydde til: Ja, no er du den fremste mannen i Tustna, - det er sandelig godt gjort! Han hadde sjølv aldri klart å koma inn i bystyret trass i mange forsøk og aldri så blank NASJONAL UOEDNIE Tidens Krav hadde einong i 1950 på side med reportasje frå Tustna og hadde i denne anledningen også ein ontale av ordføraren og alt han hadde å gjera: Han greidde jobben på likningskontoret utan kontorhjelp, han hadde ordførarjobben utan kontorhjelp, skreiv til og med rotboka under heradstyreneta sjølv, og var elles formann i trafikknernda og reiselivnernda. Og under eit bilete av meg sto det: Ordførar Martin Sæterøy, mannen ned alle trådene.

Da eg las dette, kom eg til å tenkje attende til det som stod i sa-avisa tolv år før: Martin Sæterøys stjerne er sluknet.

teg vart med i formannskap og kommun. styre i 10 år. Av dette også 8 år i fylkestinget.

De tillier faktisk sjølv det har vore morro, og at eg har fått den oppreisninga og har hatt bruk for, for å leve eit fullverdigt og meiningfullt liv. Noe og sjalvsagt er glad for, og takksam for. Og eg er slett illtje den einaste som har "gjort det bra" når det gjeld "oppreisning". Om lag på same tid som eg vart valt til formann i 17 mai-komiteen heine, såg eg i avisa, at ein fangekanera frå Hustad, vinteren 1948-49, hadde halde tale for dagen, under 17 mai-feiringa på Snøla! - Det var nest like bra!

Flere av dei nest kjende NS-folk har elles vore innvalt i kommunestyret og hatt andre viktige tillitsverv, men mange av desse er no døde. Eg har hatt eit par harde slagtilfelle, og den eine arma er ute av funksjon, samt andre skovankar. Eg har derfor vanskar ned skrivemaskina når fargebandet dett av. Dette synes på det første arket.

G O D T N Y T T Å R !

Med helsing
Martin Sæterøy
Martin Sæterøy